



Tyr i sin opphavslege skipnad

Fleire av båtane som var involverte i dramatikken rundt 20. april 1940 på våre kantar har ei fascinerande historie bak seg. Det gjeld ikkje minst Tyr, som opprinneleg var kanonbåt men endte som ferje. Og som ferja Bjørn West ligg han an til freding. I alle fall har Riksantikvaren gått inn for det og mykje skal til for å underkjenne han. Bjørn West ligg no på Halsnøy.



- og her er han Bjørn West

Tyr vart bygt i 1887 i Horten og hadde også ein systerbåt som fekk namnet Gor. Den viktigste kanonen var nesten 8 meter lang, ein fjerdedel av heile lengda på skipet. Like før første verdskrigen vart Tyr bygt om til mineleggjar. Då vart tunge våpen fjerna og båten kunne bera 55 minar.

Den 16. april vart Tyr dirigert til Uskedalen og 20. april deltok han i slaget her. Under dei første trefningane traff Tyr den væpna trålaren Shiff 18 slik at tyskarane måtte setta båten på land. Seinare måtte Tyr søkja dekning på Skorpo på grunn av trugsmålet frå det tyske skuleskipet

Bremse. Leiinga anså no kampen som håplaus og det endte med at tyskarane overtok båten og tok han med til Bergen. På tyske hendar vart Tyr mellom anna nytta i Sognefjorden.

I 1945 vart båten overteke att av den norske marinen og utrangert
Så vart han ombygd til tungløft dampskip før han vart ombygd til bilferje.
Nye eigarar då var Brødrene Wilhelmsen i
Åsane, seinare Bergen-Nordhordland Rutelag.
Som ferge hadde båten plass til 20 bilar med innkøyring foran og lukka bak.
For å snu båtane vart det montert dreieskive. I 1951 vart han sett i drift
som MF Bjørn West. og fungerte bra i mange år, ikkje minst
på grunn av ein oppgradrering etter kort tid.
Han var også fjordabåt i indre Osterfjorden..

I 1980 vart han selt ut av BNR-systemet. Sidan har han han hatt eit
omflakkande liv og har mellom anna vore innom eit entreprenørfirma
og ein fiskeoppdrettar.

Ein trufast slitar har Tyr/Bjørn West i alle fall vore og at han er eit
historisk klenodium kan det ikkje vera tvil om..

Av Ola Matti Mathisen